

Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom 2
Dato:	11.09.2017
Tidspunkt:	Kl. 16.00
Møtenr:	4 / 2017

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
21/17	Godkjenning av protokoll frå møtet 12.06.2017
22/17	Kommunen sine rutinar for oppfølging av eldre saker kor det er gitt byggjeløyve mot riving gamle hus
23/17	Orientering frå kommunalsjef levekår
24/17	Oppfølging av politiske saker 1. halvår 2017
25/17	Budsjettforslag kontroll og tilsyn 2018
26/17	Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr. 31.07.2017
27/17	Forslag til møteplan 2018
28/17	Statusoversikt september 2017
29/17	Orientering om overordna revisjonsstrategi for revisjonsåret 2017

Referatsaker/meldingar

Periode:		12.06.2017 - 11.09.2017
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel

Ver vennleg og meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 evt.414 46 180 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer kalla særskilt. Medlemmer som meiner at dei er ugilde, må gje melding om dette slik at varamedlemmer kan verte innkalla.

Evt. saker merket (*Unntatt offentleggjering i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Bjerkreim, 05.09.2017

Magne Vaule
Leder av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

[Medlemsoversikt](#)

21 / 17 Godkjenning av protokoll frå møtet 12.06.2017

Arkivsak-dok. 16/00154-19
Arkivkode. 033
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	11.09.2017	21/17

Protokollen frå møtet 12. juni 2017 vart lagd fram for kontrollutvalet til formell godkjenning, sjå vedlegg.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møtet 12. juni 2017.

SANDNES, 01.09.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Protokoll frå møte 12.06.2017 i Bjerkreim kontrollutval](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

22/17 Kommunen sine rutinar for oppfølging av eldre saker kor det er gitt byggjeløyve mot riving gamle hus

Arkivsak-dok. 16/00158-21
Arkivkode. 027
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	11.09.2017	22/17

Bakgrunn

Saka vart teke om av kontrollutvalet i møte 24. april 2017. Kontrollutvalet reiste to spørsmål kring dette teamet. Det første spørsmålet om kven som har ansvaret for bygningar som er fare for omgjenvadene. Dette vart svara på i møtet. Det andre spørsmålet vert teke opp i dett møtet.

Saksutgreiing

Det andre spørsmålet kontrollutvalet stilte var: «*Kontrollutvalet etterlyste rutinar i kommunen for oppfølging av eldre saker der det er gitt løyve til nybygg mot riving av gammalt hus. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding knytt til denne saka.*»

Kontrollutvalet har invitert rådmannen til å kome i møte for å orientere kontrollutvalet om kva rutinar kommune har på dette området.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek Rådmannen si utgreiing om kommunen sine rutinar når det gjeld oppfølging av saker kor det er gitt byggjeløyve mot å riving av gamle hus.

SANDNES, 01.09.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

23 / 17 Orientering frå kommunalsjef levekår

Arkivsak-dok. 16/00158-20
Arkivkode. 027
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	11.09.2017	23/17

Bakgrunn

Som eit ledd i kontrollutvalet sitt tilsyn med kommunen, har kontrollutvalet laga ein plan for invitasjon av kommunale leiarar, for at dei kan orientere kontrollutvalet om deira arbeid og ansvarsområde. Til dette møte har kontrollutvalet invitert kommunalsjef for levekår Øyvor Sønstabø

Sakutgreiing

Kontrollutvalet ynskjer at kommunalsjefen orienterer om fyljande emne:

- Avdelinga sin plass i organisasjonen
- Talet på tilsette
 - o Rekruttering av medarbeidarar
 - o Utfordringar i høve til rekruttering
- Kva tenester avdelinga leverer
- Avdelinga sitt budsjett og rekneskap
- Tankar om framtida.
 - o Behovet for tenester frå avdelinga
 - o Klarar avdelinga å levere i høve til behov

Kontrollutvalet har sett av 20 - 25 minutt til orienteringa inklusiv tid til spørsmål frå utvalet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek kommunalsjef levekår si utgreiing til orientering.

SANDNES, 01.09.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

24/17 Oppfølging av politiske saker 1. halvår 2017

Arkivsak-dok. 16/00315-17
 Arkivkode. 033
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	11.09.2017	24/17

Bakgrunn

Sekretariatet ber kvart halvår administrasjonen i Bjerkreim å leggje fram ein enkel havårleg rapport om status på politiske vedtak. Rapporten skal òg leggst fram for kommunestyre etter at den er behandla i kontrollutvalet.

Saksutgreiing

Sekretariatet har motteke oversikter over dei vedtak kommunen har fatta i første halvår 2017. Det er laga eigne rapportar for kommunestyret, formannskapet, levekårsutvalet og LMT-utvalet, samt ei restanseliste for saker frå 2016 som ikkje var avslutta der det går fram av vedlegget kva som er status i sakene pr. rapporteringstidspunktet (september 2017). Sekretariatet har og laga ei oversikt over kontrollutvalets saker 1. halvår 2017.

For kommunestyret sin del er alle sakene godkjent. Ein reguleringsplanen er oppheva og planleggar må nå legge fram ny sak. I tre saker må kommunen sjølv legge fram nye saker.

Av saker vedtatt i *formannskapet* i perioden er alle sakene godkjent eller sendt vidare til kommunestyret for sluttbehandling. Ei sak er klaga på, og ligg no hos Fylkesmannen Ei anna sak – revidert forslag til reguleringsplan Fjermedal syd – er behandla på ny og sendt vidare til kommunestyret for sluttbehandling.

Når det gjeld *levlekårsutvalet* er alle saker godkjent. Ei sak er vidaresend kommunestyret for sluttbehandling (Lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald).

I *LMT-utvalet* er alle saker registrert som avslutta eller under arbeid. Eit tilskot er godkjent, men ventar på dokumentasjon ført utbetaling finn sted.

Liste over saker frå 2016, viser at 4 saker er avslutta, mens 11 saker fortsatt står opne.

Kontrollutualet sine saker er stort sett godkjend og sett i verk. Tre av sakene gjeld 3 bestillingar som er sende til revisor, og her ventar kontrollutvalet på at rapportene på desse skal bli levert. Ein rapport vart sluttbehandla av kommunestyret i mai, denne vil kontrollutvalet følgje opp i november i år.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 2017 til orientering.

Saka vert vidaresendt til kommunestyret til orientering.

SANDNES, 04.09.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Oppfølging politiske vedtak - ikkje avslutta saker frå 2016](#)
[Oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 2017 - LMT](#)
[Oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 2017 - levekår](#)
[Oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 2017 - kommunestyret](#)
[Oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 2017 - formannskap](#)
[Oppfølging av saker kontrollutvalet 1. halvår 2017 - Kontrollutvalet](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

25 / 17 Budsjettforslag kontroll og tilsyn 2018

Arkivsak-dok. 16/00169-8
 Arkivkode. 151
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	11.09.2017	25/17

Bakgrunn

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak i tråd med føreskrifta leggjast fram for kommunestyret saman med kommunen sitt samla budsjett.

Budsjettet skal omfatta alle utgifter knytt til kontrollutvalet sitt arbeid. Kontrollutvalet blir difor å sjå på som ei avdeling i kommunen med budsjettansvar for eige budsjett. Dette inneber at kontrollutvalet òg har ansvar for å følgje opp budsjettet gjennom året.

Saksutgreiing

Kommunelova og føreskrifta for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Begge desse tenestene ligg inne i kontrollutvalet sitt budsjettforslag.

Budsjettet er delt inn i tre hovudpunkt: Kontrollutvalet sitt eige budsjett, Kjøp av revisjonstenester og utgifter til sekretariatstenester.

Kontrollutvalet sine utgifter

Kontrollutvalet sine utgifter omfattar møtegodtgjersle til kontrollutvalet sine medlemmer, andre utgifter knytt til møteverksemd og utgifter knytt til kurs og opplæring. Utvalet er medlem i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og medlemskontingenten ligg og med i kontrollutvalet sine utgifter.

Godtgjering til politkarane i kontrollutvalet følgjer godtgjeringane til dei andre politkarane i kommunen. Då endring i politikarløn ikkje er fastsett ennå, har me berre vidareført beløpa frå i fjor. For andre utgifter til kontrollutvalet er det berre gjort mindre auke på i alt kr 2.000,-.

Revisor sitt budsjettforslag

Bjerkreim kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon, og kjøper difor revisjonstenestene frå dette selskapet. Sekretariatet har motteke forslag til budsjett frå revisor Budsjettet er behandla i selskapet sitt styre i august og vert behandla i representantskap i løpet av hausten. Når budsjettet er vedteke i representantskapet, er dette bindande for deltakar-kommunane.

Revisor sitt budsjett omfattar utgifter til rekneskapsrevisjon, attestasjonar, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, dei to sistnemnde vert bestilte i tråd med planar som er vedtekne av kommunestyret. Sekretariatet har motteke oversikt frå revisor over kva som er forventa brukt til dei forskjellige føremåla. Revisor har i sitt forslag til budsjett auka budsjetttramma med kr 20.500,-.

Sekretariatet sitt budsjettforslag

Bjerkreim kommune er medlem i det interkommunale §27-samarbeidet, Rogaland Kontrollutvalgssekretariat, og kjøper kontrollutvalet sine administrasjonstenester her. Sekretariatets sitt budsjett med fordeling av grunnbeløp vart godkjent av styret den 25. august 2017. Budsjettet for eit §27-samarbeid som er eige rettssubjekt vert fastsett av styret i samarbeidet, og følgjer elles dei same reglane som for interkommunale selskap, sjå ovanfor.

Budsjettet er i år auka med kr 6.000,- for å dekkje løns- og prisvekst. Samarbeidet skal drivast etter sjølvkostprinsippet, og endeleg betaling til kommunane vert i tråd med vedtektene, gjort ved rekneskapsavsluttinga. Fram til no har det enten ført til tilbakebetaling av overskot eller at budsjettet har vore tilstrekkeleg. Bjerkreim kommune har i 2017 motteke kr 22.750,- i tilbakebetaling.

Oppsummering

Det er laga eit budsjettforslag for kontroll og tilsyn for 2018 som ligg ved saka.

Samla sett er det føreslått eit budsjett på kr 586.600 eksklusiv meirverdiavgift. Dette er ein auke på 5,1 % i høve til 2017.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim føreslår eit samla budsjett for kontroll og tilsyn for 2018 på kr 586.000.- ekskl. mva.

SANDNES, 04.09.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Kontrollutvalet sitt budsjettforslag 2018](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

26 / 17 Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr 31.07.2017

Arkivsak-dok. 16/00171-25
 Arkivkode. 212
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	11.09.2017	26/17

Bakgrunn

Etter føreskrifta om kontrollutval skal kontrollutvalet lage budsjett for arbeidet med kontroll og tilsyn i kommunen. Dette inneber og at kontrollutvalet må følgje med i rekneskapen på sitt område. Rekneskapsoppfølginga skjer kvart tertial som elles i kommunen. Den framlagde oversikten byggjer på opplysningar frå kommunerekneskapen og opplysningar frå revisor og sekretariat.

Saksutgreiing

Oversikta viser eit samla forbruk for kontroll og tilsyn pr. 31.07.2017 på kr 287.317,-. Dette utgjør 51,5 % av budsjetttramma. Med jamn fordeling av utgiftene ville forbruket 31.07.2017 vore 58,3%.

Utgifter knytt til kontrollutvalet utgjør 44 % av budsjetttramma. Det meste av utgiftene er knytt til godtgjersle til politikarane.

Utgifter til sekretariat er på 47,2 % av budsjetttramma til sekretariatstenesta pr 31.07.2017. Kommunen har betalt for to tertial. Mindreforbruket skuldast at sekretariatet har betalt tilbake av overskota i 2015 og 2016, med til saman kr 22.750,-. Nettoutgifta stemmer med det som sekretariatet har fakturert til no i år.

Utgifter til kjøp av revisjonstenester utgjør 55,5 % av budsjettet. Utgiftene til revisjon fordeler seg ikkje jamt over året. Bokført utgift stemmer med oppgåve frå revisor.

Revisor kommenterer tala som fylgjer:

«I regnskapsrevisjonen er årsoppgjør 2016 gjennomført og interimrevisjonen for 2017 igangsatt. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for tre terminer og ulike særattestasjoner. Av forvaltningsrevisjon er Eierskapsforvaltning levert og prosjektet "PP-tjenesten og samarbeid med barnehager og skoler" bestilt for levering høsten 2017. Selskapskontroll av Uninor AS er vedtatt gjennomført sammen med deltakerkommunene 2017/2018. En ny gjennomgang av forvaltningsprosjektet Skolemiljø er vedtatt utsatt til 2017/2018 når statsadvokatene har ferdigstilt»

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek rekneskapsoversikten for Kontroll og tilsyn pr. 31.07.2017 til orientering.

SANDNES, 05.09.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr. 31.07.2017](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

27/17 Forslag til møteplan 2018

Arkivsak-dok. 16/00159-20
 Arkivkode. 033
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	11.09.2017	27/17

Bakgrunn

Med utgangspunkt i møteplan for 2017 har sekretariatet laga eit forslag til møteplan for 2018. Normalt har kontrollutvalet 4 – 5 møter i året.

Saksutgreiing

I forslaget til møteplan legg me opp til 5 møter, 3 møter om våren og 2 om hausten. Møter kan avlysast dersom det er liten saksmengde. Det er òg mogleg å ha ekstra møter om det er behov.

På møtet i april skal kontrollutvalet behandla årsrekneskapen. Dette møtet må difor tilpassast kommunen sin møteplan, då formannskapet i følgje forskrifta må kjenne kontrollutvalet si uttale om årsrekneskapen før dei innstiller til kommunestyret. I møteplanen har vi førebels satt inn 24. april, men dette kan bli endra når kommunen sin møteplan er vedteken. Vi vil då gje beskjed om dette så snart vi vert kjent med møtedatoane.

Møtedag har vore måndag, og møtetidspunkt kl. 16.00. Møtedatoar og dagar skal tilpassast 16 andre utval, slik at det kan vere vanskeleg å endre på denne. Dersom utvalet likevel føretrekker ein annan dag, vil me strekke oss så langt me kan for å få dette til.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtar følgjande møteplan for 2018:

Dag	Dato	Tidspunkt	Kommentar
Måndag	05.02.2018	16:00	<i>Møte kan gå ut om det er få saker.</i>
Måndag	16.04.2018	16:00	<i>Kan bli endra</i>
Måndag	11.06.2018	16:00	
Måndag	17.09.2018	16:00	
Måndag	19.11.2018	16:00	

SANDNES, 05.09.2017

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

28 / 17 Statusoversikt september 2017

Arkivsak-dok. 16/00290-26
 Arkivkode. 217
 saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	11.09.2017	28/17

Bakgrunn

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgja saker som går over fleire møter. Dette gjeld forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som vert fylgt frå dei vert bestilt fram til dei er endeleg følgde opp. Andre type saker som krev oppfølging vert òg tatt med i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing

Målet med saka er å gje kontrollutvalet ei oppdatert oversikt over status på dei ulike sakene så lenge dei er under behandling og til dei er ferdig følgde opp frå kontrollutvalet si side. Oversikta er òg laga slik at den viser dei sakene som utvalet har arbeidd med i denne valperioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert lagd opp til at revisor under denne saka kan gje utvalet orientering om status på prosjekt dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

Endringar i dette møtet:

- Selskapskontroll i Uninor AS vart bestilt i førre møte. Det er førebels ikkje fastsett dato for når rapporten vert klar.
- Oppfølging av Rapporten eigarskapsforvaltning er sett til møte 13.11.2017

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek statusoversikt september 2017 til orientering.

SANDNES, 05.09.2017

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Statusoversikt kontrollutvalet sine saker september 2017](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

29/17 Orientering om overordna revisjonsstrategi for revisjonsåret 2017

Arkivsak-dok. 16/00156-8
 Arkivkode. 026
 Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	11.09.2017	29/17

Bakgrunn

Etter føreskrift om kontrollutval § 4, skal kontrollutvalet føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Tilsynet inneber i følge § 6 at kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, at rekneskapen vert revidert på forsvarleg måte og elles halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at dette vert gjort i tråd med gjeldande lovar og føreskrifter.

Saksutgreiing

Revisor er i føreskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 4, pålagd å planlegge, gjennomføre og rapportere revisjonen slik som lova, føreskrifter og god kommunal revisjonsskikk krev. Som eit ledd i kontrollutvalet sitt tilsyn, vil revisor orientere kontrollutvalet om korleis revisjonen er planlagt for revisjonsåret 2017. Vi gjer merksam på at revisjonsåret ikkje fylgjer kalender året, men sluttar først når revisor er ferdig med revidere årsrekneskapen og har gitt revisjonsberetning til kommunen. Hovudarbeidet med revisjonen startar normalt etter sommarferien.

Revisor vil gje ei munnleg orientering om korleis revisjonen for revisjonsåret 2017 er planlagd. Orienteringa tek om lag 20 minuttar.

Eit annan del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisor, finn me i føreskrifta om revisjon §15. Etter denne skal oppdragsansvarleg revisor årleg gje ei skriftleg vurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet. Ifølge kommunelovens § 79 skal den som føretar revisjon for en kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet. I tillegg seier §§ 13 og 14 i forskriften om kva krav som vert stilt til revisor for å vere uavhengig, og kva avgrensingar som finnes for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget. Revisor si uttale om uavhengigheit ligg ved saka.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek revisor sin gjennomgang og oppdragsansvarleg revisor si vurdering om uavhengigheit til orientering.

SANDNES, 05.09.2017

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Uavhengighetserklæring Bjerkreim](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.